

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027-2028

Overordna mål for Austevoll kommune

Eit av dei overordna måla for Austevoll kommune er å vere ein attraktiv bustadkommune med gode oppvekstvilkår og eit rikt kultur- og aktivitetstilbod. Vi ønsker å legge til rette for aktive innbyggarar som bruker naturen og anlegga våre til å styrke folkehelsa og trivselen. For å fange opp nye behov, planar og initiativ rullerer kommunen kvart år planen for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg.

Prioritering av spelemidlar i 2027

Den kommunale prioriteringslista for tildeling av spelemidlar blir behandla ut frå desse kriteria:

- om anlegget er ferdigstilt, og når søknaden om spelemidlar blei sendt inn for første gong
- om anlegget legg til rette for aktivitet av allmenn interesse
- om anlegget er av særleg interesse for barn og unge

For å kunne søke om spelemidlar må søknaden vere fullstendig og innehalde nødvendig dokumentasjon.

Ordinære anlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
1	**Hundvåkøy pumptrack**	**Hundvåkøy**	**2454**	**Hundvåkøy idrettslag**
Skildring av prosjektet: Asfaltert pumptrack på om lag 1000 kvadratmeter, laga for rullande aktivitetar som sykling, skating, sparkesykling og bruk av rullestol. **Søknadsbeløp:** 818 000 **Status:** Ferdig **Søknadsår:** 2				
2	**Storebø padel**	**Storebø**	**8286**	**Austevoll Idrettsklubb**
Skildring av prosjektet: Innendørs padelbane. **Søknadsbeløp:** 2 746 000 **Status:** Ferdig **Søknadsår:** 2				
3	**Hundvåkøy kunstgrasdekket med tilhøyrande lysanlegg**	**Hundvåkøy**	**7705**	**Hundvåkøy idrettslag**
Skildring av prosjektet: Rehabilitering av kunstgrasdekket og tilhøyrande lysanlegg **Søknadsbeløp:** 2 350 000 **Status:** Under arbeid **Søknadsår:** 1				

4	**Lysanlegget til kunstgrasbana ved Austevoll idrettsanlegg**	**Eidsbøen**	**1050**	**Austevoll kommune**
Skildring av prosjektet: Oppgradering av lysanlegget **Søknadsbeløp:** 350 000 **Status:** Under arbeid **Søknadsår:** 1				
5	**Lysanlegget til kunstgrasbana på Selbjørn**	**Selbjørn**	**1050**	**Austevoll kommune**
Skildring av prosjektet: Oppgradering av lysanlegget **Søknadsbeløp:** 350 000 **Status:** Under arbeid **Søknadsår:** 1				

Nærmiljøanlegg

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
Det er ikkje meldt inn søknader om spelemidlar til nærmiljøanlegg for denne planperioden.				

Kulturbygg

Det er også mogleg å søke om spelemidlar til lokale kulturbygg. Denne ordninga blir ikkje behandla saman med den ordinære spelemiddelordninga og har eigne reglar for tildeling. Fristen for å sende inn søknad til kommunen er 15. februar. Kommunen har frist 30. april for å sende søknadene vidare til fylket.

Prioritet	Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
Det er ikkje meldt inn søknader om spelemidlar til kulturbygg for denne planperioden.				

Ønska framtidige prosjekt

Austevoll ønsker å tilby eit variert og inkluderande tilbod av anlegg. Kommunen har allereie mange gode anlegg, og på sikt kan ein vurdere å utvikle tilboda vidare i tråd med behov og interesse.

Namn på anlegget	Stad	Kostnad (i 1000)	Utbyggjar
Ordinære anlegg			
Storhall	Austevoll idrettsanlegg	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune/ Austevoll idrettsklubb
Lager i Austevollshallen	Austevollshallen	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll idrettsklubb/Austevoll kommune

Sanitæranlegg	Gråsidalen	Ikkje kostnadsrekna	Usikkert
Baderampe for rullestol	Gråsidalen	Ikkje kostnadsrekna	Usikkert
Skilting/merking av eksisterande turvegar	Heile Austevoll	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune/Velforeiningar/ Idrettslag/Turlaget
Rehabilitering av klubb- og møtelokale	Havstril padleklubbhus	1168	Havstril padleklubb/Bergen og omland friluftsråd
Klubbhus – Hundvåkøy idrettslag (HIL)	Hundvåkøy	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune/Hundvåkøy idrettslag
Nærmiljøanlegg			
Sykkelbane (pumptrack)	Selbjørn idrettsanlegg	2300	Selbjørn idrettslag
Trearbane	Selbjørn idrettsanlegg	900	Selbjørn idrettslag
Badstueanlegg	Sveholmen	Ikkje kostnadsrekna	Usikkert
Friluftslivanlegg			
Turløype rundt Trettlivatnet	Trettlivatnet	Ikkje kostnadsrekna	Storebø vel/usikkert
Turløype rundt Fagerbakkevatnet	Fagerbakkevatnet	Ikkje kostnadsrekna	Fagerbakke velforeining/usikkert
Turløype frå Kolbeinsvik til Selbjørnsbrua	Kolbeinsvik	10 000	Kolbeinsvik vel/usikkert
Turløype frå Hufthamartunet til Paraket	Hufthamar	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune/usikkert
Kulturbygg			
Rehabilitering av Hufthamartunet som heilårsbygg	Hufthamartunet	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune
Rehabilitering og bruksendring av Smio	Bekkjarvik	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune
Vidareutvikling av Kongsen kultursal	Bekkjarvik	Ikkje kostnadsrekna	Austevoll kommune